

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 14.05.09
Sakhandsamar: Ingrid Dirdal
Saka gjeld: **Nasjonale prosjekt - status**

Styresak 054/09 O

Styremøte 04.06.2009

Bakgrunn

Helse Vest RHF er kontinuerleg involvert i prosjekt og tiltak på nasjonalt nivå. Slikt arbeid blir organisert på ulikt vis – alt frå at det blir etablert større prosjektorganisasjonar til at oppgåver blir søkt løyst ved bruk av mindre tverregionale arbeidsgrupper. Initiativtakar til slike prosjekt og arbeidsgrupper vil ofte vere Helse- og omsorgsdepartementet eller Helsedirektoratet, men dei kan også vere sett i gong av dei regionale helseføretaka sjølve eller andre nasjonale myndighetsorgan.

Kommentarar

Helse Vest tar del i ei lang rekke nasjonale prosjekt og arbeidsgrupper. Det er her utarbeidd ei oversikt over pågåande prosjekt som viser kven som er initiativtakar, kor prosjektet er forankra, kven som er ansvarleg region, tidspunkt for oppstart og levering, deltaking og status for prosjektet. Status for prosjektet vert vurdert med trafikklys:

- Raud: Prosjektet har ikkje kome i gang som planlagt eller har eit større avvik i forhold til det som er planlagt
- Gul: Tiltaket er i verksett men har mindre avvik i tid eller innhald
- Grøn: Prosjektet er i verksett og vert gjennomført som planlagt
- Grå: Prosjektet er ikkje planlagt starta enno

Oversikta er ikkje uttømmende i den forstand at eitkvart tverregionalt arbeid er med. Oversikten er i utgangspunktet avgrensa til større nasjonale prosjekt, men også nokre andre tiltak som er vedteke løyst i fellesskap med deltaking frå alle regionane og forankra i sentrale myndigheitskrav, er teke med. Deltaking i ulike type andre fora og referansegrupper er haldne utanfor. Oversikten følgjer saka som vedlegg 1.

Innanfor IKT området initierte Helse- og omsorgsdepartementet i 2003 "Nasjonal IKT" gjennom etablering av ein felles strategigruppe mellom departementet og dei regionale helseføretaka for informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Strategigruppa har hatt i oppgåve å utvikle felles rammer og retningslinjer og i nødvendig utstrekning også felles tiltak for dei regionale helseføretaka. Status for pågåande prosjekt under Nasjonal IKT går fram av vedlegg 2.

Forslag til vedtak

Styret tek saka til orientering.

Vedlegg 1: Oversikt over pågåande nasjonale prosjekt – status per 14.05.2009

Vedlegg 2: Statusrapportering til Styringsgruppen Nasjonal IKT, 29.04.2009